



DEN NORSKE KYRKJA
Hjelmeland kyrkjelege fellesråd

MØTEPROTOKOLL HJELMELAND KYRKJELEGE FELLESRÅD

07.09.2023 kl. 16.00- kl. 18.00 i møterom på kyrkjekontoret .

Til stades: Terje Thornquist, Magnhild Meltveit Kleppa, Olav Frantzen, Torill Marie Seljeskog, Sigrunn Hagen Arnesen, Lena sofie Lundberg og Mette Ingvaldstad (sekretær)

Forfall: Anne-Tove Ingvaldstad

Permisjon: Solgunn L Asprusten

Møtande varamedlemmar: Ingjerd S Nicolaysen

SAK 20/23 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER

Fellesrådet går inn for å arbeide vidare med HC-toalett i Årdal.

Fellesrådet er einig i at kyrkjeverje finn meir informasjon om overgang til Kirkepartner før det blir tatt ein avgjerd.

Spørsmål om innkjøp av buketthaldarar på gravplassane blir vidareformidla til kommunen som nå har overtatt ansvaret for drifta.

Søknad om flytte namn til ein eksisterande gravstein blir innvilga.

Varmepumpe i Årdal kyrkje er godkjent av biskop. Ovn under benker og panelovn langs vegg er eit alternativ. Kyrkjeverje skal kontakte KA som har spesialkompetanse på oppvarming av kyrkjer. Viktig å tenke på oppvarming og varmestyring i saman.

Informasjon tatt opp i møte:

Sogelaget har gjort eit veldig godt arbeid med gravminneplan og fellesrådet vil bestille inn 30 stk. av boka om Prestavegen som dei har laga.

Vedtak:

Orienteringane vart godkjente.

SAK 21/23 DRIFTSREKNESKAP 1. halvår 2023

Vedtak:

Driftsrekneskap for dei 6 første månadene av 2023 for Hjelmeland kyrkjelege fellesråd vart samrøysta godkjend.

SAK 22/23 FØREBELS BUDSJETT 2024

Vedtak:

Driftsbudsjetten for 2024 vert sett opp med 2023 som mal. Med justering for lønsoppgjer med 5,4% og prisvekst på 6,4%.

Det vert lagt inn ein auke på 20% på diakonistillinga.

Det er behov for å lage tilgang til HC- toalett på Fister og sette i stand eller lage ny dør til kyrkja.

Investeringsbehovet vert vurdert fram til søknad må leverast. Kyrkjeverje og leiar i fellesrådet ser på dette.

SAK 23/23 KYRKJELYDSPEDAGOG ER I PERMISJON.

Vedtak:

Vedtak i samsvar med tilråding.

Cathrine Sandhåland er vikar i 30% for Tonje Flatø Nessa frå 01.10.2023.

SAK 24/23 VERNEPLAN GRAVPLASSANE

Det bør oppretta budsjettpost for vern av gravminna.

Det er føreslått vern av 110 gravminne som er utarbeida av Sogelaget i samarbeid med kommunen. Endeleg verneplan skal sendes til nasjonal gravplassmyndighet for godkjenning til Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark.

Gravminna er av litt ulik alder så vedlikehalDET vil variere frå år til år.

Kyrkjeverje går i dialog med økonomileiar og lagar ein plan for 5 år.

Da kommunen har overtatt arbeidet med gravplassane frå 01.01.2023 bør det være dei som skal ha arbeidet med verna gravminne. Fellesrådet har ingen tilsette for å utføre dette arbeidet. Det vil da være naturleg at kommunen set av pengar til dette i sitt budsjett.

Plan for verna gravminne kan kyrkjeverje være med på å lage i samarbeid med gravplassarbeidarane og økonomileiar dersom det er ønskeleg.

Tilråding:

Kommunen opprettar budsjettpost for vern av gravminna og innhentar pris.

Kyrkjeverje kan delta med å lage ein verneplan.

Vedtak:

Vedtak i samsvar med tilråding.

SAK 25/23 BUDSJETT ÅRDAL GAMLE KYRKJE

Sprinklaranlegg og alarmanlegg er nå i drift. Det har vore ein feilmelding på alarmen som har gjentatt seg fleire gongar. Dette er nå utbetra av Ryger elektro og Sprinkler Vest.

Arbeidet med å leggje skifertak på plass i Årdal gamle kyrkje er ennå ikkje ferdigstilt og blir ikkje ferdig i 2023. Det arbeidet som gjenstår nå er å leggje materiale og skiferhellene tilbake på taket. Det er Ryfylkemuseet sine arbeidsfolk som skal gjere arbeidet. Arbeidet krev samarbeid med Sprinkler Vest da det gjenstår noko arbeid som ikkje kunne ferdigstillast fordi taket ikkje var på plass.

På grunn av at arbeidet ikkje blir ferdig før vinteren og stormane tek til må teltet som står over deler av taket ha ein oppgradering, seinast i oktober.

Budsjett resterande arbeid med taket:

Tak over stillas over vinteren	kr. 300 000,-	Tilskot Riksantikvaren 2023	kr. 700 000,-
Ryfylkemuseet og 2 tømmermenn	kr. 900 000,-	Tilskot kommunen	kr. 800 000,-
Uforusett	kr. 300 000,-	Sum	kr. 1 500 000,-
Sum	kr. 1 500 000,-		

Tilskot frå Riksantikvaren i 2023 blir søkt om å overførast til 2024 da arbeidet ikkje blir ferdig i 2023.

Tilråding:

Budsjett for Årdal gamle kyrkje blir vedtatt slik det føreligg.

Vedtak:

Vedtak i samråd med tilråding.

SAK 26/23 YMSE

-Lydanlegg i Hjelmeland kyrkje er for därleg.

Innstilling av lyd er vanskeleg.

Anlegget er 20 år og treng oppgradering/fornying.

Kyrkjeverje kontaktar Hove West i Sandnes for utgreiing.

-Konfirmantmiddag, bør den flyttast til hausten i staden for våren?

Det kan være bra å ha det tidlegare på året slik at konfirmantane startar konfirmantperioden med middag i staden for å ta den når dei er ferdige.

-Er det sokneråda eller fellesrådet som skal arrangere konfirmantmiddagen?

Det er soknerådet sitt arrangement, men dei får tilskot frå fellesrådet.